



Notat

Dato: 18.05.2016
Arkivsak: 2016/4742-2
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Tertialrapport pr. april 2016 - rekneskapsprognose - tillegg

Fylkesrådmannen viser til den framlagde tertialrapporten der det er varsla eit tillegg etter at Revidert nasjonalbudsjett er lagt fram.

I den framlagde stortingsmeldinga er det få punkt som påverkar fylkeskommunane sin økonomi. Regjeringa har kome med nytt skatteoverslag og elles foreslått tiltak som i stor grad gjeld kommunane.

Statsbudsjettet 2016

Etter at fylkestinget gjorde vedtak om budsjettet for 2016 på tingseta i desember, vedtok Stortinget statsbudsjettet for 2016. I stortingshandsaminga vart det gjort nokre endringar for Hordaland fylkeskommune som det til no ikkje er gjort budsjettendringar for.

Endringane i statsbudsjettet som gjeld Hordaland fylkeskommune er følgjande:

Kompensasjon for auka lærlingtilskot	+ 4,9 mill. kr
Uttrekk av midlar til opprusting/fornyng av fylkesvegnettet	- 4,7 mill. kr
Uttrekk vegbruksavgift, ny fordeling i revidert nasjonalbudsjett	- 8,9 mill. kr
Kompensasjon for auka svovelavgift/endringar i skatteopplegget	<u>+ 0,4 mill. kr</u>
Netto endring	<u>- 8,3 mill. kr</u>

Stortinget vedtok å auka lærlingtilskotet med kr 2 500 pr. kontrakt og løyvde 49 mill. kr som kompensasjon for dette til fylkeskommunane. Stortinget vedtok vidare å setja av midlar til fylkesvegar og andre infrastrukturtiltak som skal tilgodesjå kommunar som har søkt eller gjort vedtak om samanslåing innan 1. juli 2016. Løyvinga er på totalt 50 mill. kr der 40 mill. kr er finansiert ved å redusera det fylkeskommunale innbyggjartilskotet tilsvarande. Dei siste 10 mill. kr er finansiert gjennom omdisponering innanfor fylkeskommunane si skjønnsramme.

Regjeringa foreslo å innføra vegbruksavgift på m.a. naturgass. Fylkeskommunane vart kompensert gjennom auke av rammetilskotet med 90 mill. kr fordelt etter kriteria i inntektssystemet. Sidan det er svært ulik bruk av naturgass til bussføremål i fylkeskommunane, ba Stortinget regjeringa koma attende med

forslag til ny fordeling i revidert nasjonalbudsjett. Fordelinga av kompensasjonen på 90 mill. kr vart dermed førebels trekt ut av rammetilskotet.

Revidert nasjonalbudsjett 2016

I «løyvingsproposisjonen» knytt til revidert nasjonalbudsjett – Prop. 122 S (2015-2016) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2016 – kjem regjeringa attende med ny fordeling av kompensasjonen for vegbruksavgifta på m.a. naturgass. Kompensasjonen er no fordelt på fem fylkeskommunar Akershus, Oslo, Rogaland, Sør-Trøndelag og Hordaland. Samla kompensasjonssum er rekna til 67,1 mill. kr. Av dette er det forslag om at Hordaland får 24,3 mill. kr.

I revidert nasjonalbudsjett er det elles ny gjennomgang av skatteoverslaget for 2016. Regjeringa reknar no med at skatteinntektene i kommunesektoren vil auka med 700 mill. kr i 2016 samanlikna med det som vart lagt til grunn i statsbudsjettet. Av auken på 700 mill. kr, er det rekna med at 125 mill. kr gjeld fylkeskommunane.

Revidert prognose/forslag til budsjettendringar

I tertialrapporten som er lagt fram for fylkesutvalet er det prognose om eit meirforbruk i 2016 på 65 mill. kr. Det som er nemnt ovanfor vil påverka prognosen i positiv lei.

Det går fram ovanfor at endringane Stortinget gjorde i statsbudsjettet reduserte fylkeskommunen sitt rammetilskot med 8,3 mill. kr. Forslaget om ny kompensasjon for vegbruksavgifta medfører auke på 24,3 mill. kr slik at nettoeffekten er auka inntektsramme med 16 mill. kr.

I budsjettopplegget for fylkeskommunen legg ein til grunn nasjonale tal for skatteinngangen. Regjeringa sitt nye overslag medfører at skattesvikten som er omtala i tertialrapporten kan reduserast noko. I tertialrapporten er det lagt til grunn at skatteinntektene vert 30 mill. kr lågare enn budsjettet. Fylkesrådmannen legg no til grunn ein skattesvikt på 15 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår å styrkja budsjettet for opplæringsektoren med den auka inntektsramma på 16 mill. kr. Tertialrapporten viser prognose om negativt budsjettavvik på 53 mill. kr i sektoren. Ein stor del av avviket skuldast situasjonen innanfor lærlingområdet. Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettstyrkinga vil betra prognosen med 10 mill. kr frå 53 til 43 mill. kr.

At ikkje heile løyvinga på 16 mill. kr kjem som betring i prognosen, skuldast at ein i utgangspunktet har lagt til grunn at kompensasjonen for auka lærlingtilskot på knapt 5 mill. kr vert tilført sektoren. I tillegg er det trong for ein mindre sum til budsjettstyrking for husleige av skulebygg som er under utfasing som ikkje var rekna med i budsjettet.

Oppsummert legg fylkesrådmannen no til grunn ein prognose om negativt budsjettavvik på 40 mill. kr – 25 mill. kr betre enn overslaget i den utsende saka. Det er understreka ved fleire høve at utviklinga i skatteinntektene er usikre. Fylkesrådmannen meiner det difor er viktig å følgja dei nasjonale overslaga på dette feltet. Då vil ein vera sikra at endringar på sentralt hald får verknad for fylkeskommunen sitt lokale skatteopplegg. Dei sentrale skatteoverslaga er også grunnlaget for skatteutjamningsordninga i inntektssystemet.

Fylkesrådmannen viser elles til dei konkrete budsjettendringane innanfor drifts- og investeringsbudsjetta slik dei går fram av punkt 2 i det oppdaterte forslaget til innstilling. Fylkesrådmannen vil særskilt peika på desse endringsforslaga:

Investering

- Budsjettet for opprustinga ved Årstad vidaregåande skole vert foreslått auka med 45 mill. kr til slutføring av prosjektet.
- Forslaga til endring for fylkesveginvesteringane er i stor grad av budsjetteknisk art som følgje av at nokre prosjekt har anna framdrift enn lagt til grunn i budsjettet. Endringane i tabellen nedanfor for bompengar og overføring frå andre er også ei følgje av dette.
- Forslag til nye løyvingar ved omdisponering innanfor investeringsramme for fylkesvegar:
 - Nordhordlandspakken 5,6 mill. kr
 - Oddaneset – rasikring 18 mill. kr
- Forslaga til endring i investeringsbudsjettet for opplæring og fylkesvegar medfører at budsjettposten «Bruk av lån» kan reduserast med 14,5 mill. kr.

Drift

- Auke i rammetilskotet på 16 mill. kr vert foreslått fordelt til opplæringssektoren med bakgrunn i situasjonen for lærlingbudsjettet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.

2. Budsjettet for 2016 vert endra slik:

a) Investering

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		102 300 000
10 300 420 00	07700 00	07602	Bompengar	45 600 000	
10 300 420 00	08900 00	07602	Overf. frå andre		12 300 000
10 639 020 00	02301 00	06020	Årstad vgs.	45 000 000	
10 790 100 00	09100 00	09979	Bruk av lån	14 500 000	
10 790 110 00	07290 00	09979	Momskompensasjon	9 500 000	
				114 600 000	114 600 000

b) Drift

Stad	Art	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 600 780 00	14700	Lærlingtilskot	11 875 000	
10 600 990 00	11000	Reguleringskonto	4 125 000	
10 700 200 00	18000	Rammetilskot		16 000 000
			16 000 000	16 000 000